

Interkommunalt prosjektsamarbeid Samhandlingsreforma

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57722055

Vår referanse:
10/784-36-ØH-G00

Dato:
06.10.2011

Høyringsuttale

Høyringsuttale i høve Samhandlingsreforma – forslag til forskriftsendringar og nye forskrifter som følgje av Prop. 91 L (2010-2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstenester

Kommunane i regionsamarbeida SIS (Flora, Naustdal, Gaular, Jølster og Førde) og HAFS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund) samt kommunane Balestrand, Bremanger og Høyanger har gått saman i interkommunalt prosjektsamarbeid i høve Samhandlingsreforma.

I styringsgruppemøte 12.08.11 vart det bestemt at prosjektgruppa på vegne av kommunane skal utarbeide felles høyringsuttale. Dette hindrar ikkje at kommunane også kan ha sendt egne uttalar på delar av forslaga.

I det vidare finn de merknader, kommentarar og endringsforslag.

Forslag knytt til endringar i eksisterande forskrifter

Norsk pasientregisterforskrift

Etter vårt syn må kommunane få jamlege oversiktar frå helseforetaket om bruk av sjukehustenester knytt til innleggingar. Tilsvarande bør kommunane få innsikt i utrekningsmodellane knytt til medfinansiering. Dette vil til saman gje oss nødvendige styringsdata og oversikt over kva diagnosegrupper vi kan og må prioritere lokalt for å utvikle betre førebyggjande tiltak på kommunalt nivå. Dette må koplast opp mot presisering av fastlegeansvar i ny forskrift, og plikt hos dei i høve heilskapstenking og tverrfagleg tilnærming i kommunen.

Forskrift om individuell plan og koordinator etter helse- og omsorgslovgjevinga

Vi vil oppmode departementet til å bli endå tydlegare på kva som er kommunane og helseforetaka sitt ansvar.

Forskrift om habilitering og rehabilitering

Vi meiner at ansvarsforholda mellom regionalt helseforetak, helseforetak og kommunane bør vere meir tydleg i forskrifta. Vidare meiner vi at departementet må tydeleggjere at regionalt helseforetak, helseforetak og kommunane har ulike roller i habiliterings- og rehabiliteringsarbeidet, men samstundes er likeverdige partar.

Forslag til nye forskrifter

Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

Ang §3 Spesialisthelsetjenestens ansvar for vurdering og varsling.

Vi vurderer at fristen på 24 timar kan bli i kortaste laget til å få gjort naudsynte vurdering og kartlegging i sjukehus, og foreslår derfor fristen endra til 48 timar. Vi foreslår vidare at setninga om at helseforetaket skal vurdere kva type kommunal teneste som kan vere aktuell utgår, av di dette er det kommunen som saman med aktuelle faginstansar sjølv vurderer. Til sist meiner vi at det uavhengig av kor langt helseforetaket/-a er kome i sitt arbeid blir gitt melding til kommunen innan 48 timar.

Forslag til ny forskriftstekst:

Når en pasient legges inn i spesialisthelsetjenesten, skal det gjøres en vurdering av om pasienten kan ha behov for hjelp frå den kommunale helse- og omsorgstjenesten etter utskrivning frå spesialisthelsetjenesten.

Dersom det antas at det er behov for hjelp frå den kommunale helse- og omsorgstjenesten, skal kommunen snarest mulig og senest innen 48 timer varsles om innleggelsen, pasientens status, antatt forløp og forventet utskrivningstidspunkt.

Ang §4 Vilkår for at en pasient skal anses som utskrivningsklar.

Vårt forslag er at forskrifta her bør vere tydlegare på at ein pasient er utskrivningsklar først når denne er ferdig utgreidd og behandla for dei problemstillingane som var til stades ved innlegging, samt tilleggsproblematikk som har oppstått eller er oppdaga ved sjukehusopphald.

Vidare er det vår vurdering at ein pasient ikkje kan definerast som utskrivningsklar før all relevant informasjon og kunnskap er elektronisk oversendt kommunen, som så skal gjere ei tverrfagleg vurdering.

For å sikre at kommunane får tilstrekkeleg tid til planlegging mv er det vårt forslag at varsel skal vere elektroniske og fylgt opp av telefonsamtale frå helseforetaket i etterkant. I tilfelle varsel ikkje skal skje elektronisk bør det presiserast at betalingsplikta blir utsett jf postgang, dvs at det blir tidspunktet for fysisk mottak som blir gjeldande i høve betalingsplikta.

Ang §5 Kommunens ansvar.

I avsnitt to står det at "kommunen skal avgj svar straks". Jf slik kommunekartet i Norge ser ut med mange små kommunar bør det i forskrift eller rundskriv presiserast at "straks" tidlegast vil vere påfølgande arbeidsdag (måndag til fredag) innanfor ordinær arbeidstid.

Også her vil vi presisere at dersom helseforetaket ikkje melder elektronisk må datoen det er varsla om utsettast jf ekstern og intern postgang.

Ang §6 Tidspunkt for betaling og krav til rapportering.

Slik vi forstår forslaget legg departementet opp til at helseforetaket må oppfylle alle krava i §§ 3 og 4 (ikkje berre varsel om at ein pasient er utskrivningsklar) før kommunen si betalingsplikt inntre, noko vi støttar.

Viser elles til vurderingar knytt til meldingsform (elektronisk) i punkt over.

Forskrift om kommunal medfinansiering

Dette er eit område som kommunen i utgangspunktet har liten innflytelse på då dette i stor grad er legestyrt gjennom fastlegen, legevakslegen og lege ved poliklinikk. Den nye fastlegeforskrifta må difor tydeleggjere plikta og ansvaret fastlegen har til å involvere seg og jobbe tverrfagleg i høve andre kommunale tenester. Dette gjeld spesielt ved funksjonsfall (tidleg intervensjon) og ved kompliserte lidingar hos pasientane generelt, kronikargruppene spesielt og andre som treng ei tverrfagleg tilnærming. Denne forpliktinga må også gjelde omsorgs- og rehabiliteringstenester. Her er det snakk om å få til system på gjensidig forplikting og samhandling mellom fastlegane og omsorgs- og rehabiliteringstenester for å jobbe førebyggjande og unngå innlegging der det er mogleg.

Denne forskrifta bør etter vårt syn difor ikkje begynne å gjelde før fastlegane har fått denne forpliktinga og ansvaret gjennom forskrift (01.07.12)

Forskrift om kommunane si dekking av utgifter til helse- og omsorgstenester

Interkommunalt samarbeid har her ingen merknader, men gjer samstundes merksam på at Førde kommune vil sende eigen uttale knytt til dette punktet.

Forskrift om disponering av kontantytningar frå folketrygda under opphald i institusjon som nemnt i helse- og omsorgstenestelova og felles trivselsordning

Vi støttar departementet sitt forslag om å oppheve forskrifta

Forskrift om oppjustering av driftsavtaleheimlar for fysioterapeutar

Vi vurderer at forslag til endringar ryddar i eit område som har blitt svært uryddig i ein del kommunar der ein har delt opp driftstilskot i mindre delar. Det bør presiserast i den individuelle avtalen mellom kommunen og den enkelte privatpraktiserande fysioterapeut gjensidig ansvar, forplikting og kommunale styringsmoglegheiter. Dette betyr at det bør lagast ein standard rammeavtale (som hos legane), men som òg blir tydelegare på krav til tverrfagleg samarbeid knytt til kronikargrupper og rehabiliteringspasientar.

Med helsing


Arve Helle
Leiar styringsgruppa


Øystein Høyvik
Prosjektkoordinator

Kopi:
Kommunane i samarbeidet